



Vikøy sokneråd
Postboks 39
5600 Norheimsund

REFERAT FRÅ SOKNERÅDSMØTE

tysdag 20.november 2018 kl. 18.00 i Norheimsund kyrkje

Frammøtte:

Ingvill Sørheim, Kari Bente Valland Træbakken, Eimund Solsvik, Siri Øverland, Roar Strømme, Odd Øygarden, Gudrun Skeie Langeland og Rebecca Opsahl-Engen

Forfall: Edmund Tolo, Astrid Helleve Fylkesnes og Arvid Strømme

Opning: **Ingvill**

Kaffi/noko å bita i: **Ingvill**

Sak 50/18 Godkjenning av innkalling og sakliste, - og referat frå møtet 16.oktober -18

Innkallinga vart godkjent utan merknader. Følgjande endring i referatet frå møtet 16.10.18: Under sak 43/18, 4.strekpunkt skal det stå: Vi får frå bispedømekontoret tilbod om lønsmidlar tilsvarande kvart stilling i tre år. Fellesrådet må skaffa resten til dekking av ei halv stilling.

Sak 51/18 Orienteringar, evalueringar og nytt i kyrkjelyden

- Lys vaken
Vellykka. 21 born deltok, fin blanding Norheimsund/Øystese (omlag 50/50). Fem Framnes-elevar fungerte veldig godt. God dekning av vaksne. Pizzaservering.
- Hallovenn i Norheimsund kyrkje
Godt arrangement, Omlag 150 born og like mange vaksne deltok. Stor stemning. Mirjam E. Gravidal heldt andakt for lydhøyre born. 14 aktivitetsstasjonar i kyrkja. Ved eventuelt tilsvarande arrangement seinare bør altarpartet (f.o.m. altarringen) sperrast av slik at dette ikkje er leikeareal. Det same gjeld orgelet. Tilskiparane er velkomne att i kyrkja neste år.
- Reformasjonsmarkering i Vikøy kyrkje 31.oktober
Svært gode tilbakemeldingar på foredraget til Roar med liturgisk kveldsbøn.
- Helgemssesundag (helgemesse og minnegudsteneste)
160 frammøtte, mange av dei inviterte møtte. Tradisjonen bør halda fram.
- Stabssituasjonen (kyrkjetenar, kateket)

Tilsetjing av kyrkjetenar for Norheimsund og Vikøy kyrkjer skjer med det første. Kateket er tilsett, ho tek til i stillinga 1.januar. Ein tek sikte på vigsling av kateketen ved gudstenesta i Norheimsund kyrkje 27.januar.

- Samtalegudsteneste og konfirmantfest til våren blir tysdag 30.april.

Sak 52/18 Samtale om sundagsskule og gudsteneste. Sjå eige vedlegg med referat frå møtet mellom sundagsskulen og nokre i staben.

Soknerådet takkar for tilbakemeldingar og gode innspel frå sundagsskulen. Me er og svært takksame for det gode arbeidet som vert gjort av sundagsskulemedarbeidarane. Roar held kontakt med sundagsskulen m.o.t. meir tilpassing til og involvering av sundagsskuleborna. Eit konkret ynskje er at sundagsskulen vert varsla i god nok tid før nattverden slik at både vaksne og born kan koma inn att i kyrkja og delta ved nattverden. Praktisk løysing av dette må avtalast med sundagsskulen og eventuelt med kyrkjevertane.

Sak 53/18 Søknad frå DELK om å låne Vikøy kyrkje til gudsteneste.

Skriftleg søknad er ikkje motteken, og saka er difor utsett.

Sak 54/18 Diakoniplan, utlysing av diakonstilling. Oppdatering og framdrift.

Diakoninemnda (samansett av representantar frå alle sokna) ilag med kyrkjeverja handterer dette. I møte tysdag 13.november vart utlysing av halv stilling drøfta. Stillinga blir utlyst med tanke på tilsetjing i vårhalvåret 2019.

Sak 55/18 Offerliste jan/febr. Velje ut dei første ofringane i starten av det nye året.

AU får fullmakt til å setja opp offerliste for januar/februar. Offera blir fordelte på kurante formål.

Sak 56/18 Innsetjing av kateket

Mampion (kortversjonen av namnet) blir vigsla i Norheimsund kyrkje i gudstenesta søndag 27.januar. Biskopen står for vigslinga. Me vil invitera dei andre sokna til å delta denne dagen.

Sak 57/18 Jubileumsmarkering av Nhs kyrkje 30 år .

Me ynskjer å markera dette søndag 19.mai, alternativt søndag 30.juni. Kyrkjeverja (heretter kalla Olav) arbeider med revidering av brosjyra (faldaren) om Norheimsund kyrkje. Dessutan ønskjer me å laga eit eige hefte om altartavla. Olav og staben samarbeider om dette. Olav har og lufta tanken om å ta fram att messa han skreiv til vigslinga av kyrkja i 1989 med tanke på framføring denne dagen. Dette er ein god ide.

Sak 58/18 Halvårsplan våren 2019. Fastsetje møtedatoar m.m.for vårsemesteret.

Sjå vedlegg.

Sak 59/18 Julehelsing (brev) til frivillige. Liten komite som kan ordne dette.

Ingvill oppdaterer namnelista, Gudrun og Kari Bente lagar helsinga og syter for at ho vert distribuert.

Sak 60/18 Eventuelt

1. **Kjøkenet i kyrkja treng oppgradering.** Løysinga i Tørvikbygd bedehus vart nemnt, der er kjøkenet modernisert, og løysinga fungerer godt ved store tilskipingar. Nhs kyrkje blir mykje brukt til servering av store grupper. Saka blir lufta med Olav.
2. **50 års-konfirmantjubileum 2019, val av dato.** Roar ser på dette og kjem med eit framlegg og tek kontakt med Odd Træbakken (jubilant).
3. **Nominasjonskomite til soknerådsvalet 2019.** Magne Kolstad og Gudrun Skeie Langeland har sagt ja til å vera med i komiteen. Gudrun går vidare med å prøva å finna ein tredje person til denne komiteen.
4. **Audun Aase sitt tilbod til kyrkjelyden.** Han tilbyr kurs eller temakveld om åndeleg rettleiing og/eller retreat. Det har kome ønskje i kyrkjelyden om samtalegruppe. Roar arbeider vidare med dette ilag med staben.
5. **Nestekjærleik i vår tid.** Gudrun refererte frå temakveld i Kvinnherad med rettshistorikar Jørn Øyrehagen Sunde. Gudrun kontaktar han og spør om han kan koma til oss på eit tilsvarende arrangement ein torsdag i mars.

Neste møte: 21.januar 2019

Referent: Odd Øygarden, 21.11.18